



Rektor Vidar Haugland tente eit lys for kvar av dei som skal starta i første klasse neste haust. Midt i biletet sit lærar Elisabeth Amundsen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Eit kull av vanleg storleik i Uskedalen, opplyste rektor Vidar Haugland då 13 elevar fødte i 2003 var skreve inn på skulen måndag. Han minna om at det no går 16 i førsteklassa og 13 både i andre- og tredjeklassa.

Innskrivinga var ein triveleg time i det klasserommet der dei nye elevane truleg vil vere å finna frå neste haust. Men sjølv om lærar Elisabeth Amundsen spela ei sentral rolle i innskrivingstimen, er det ikkje sikkert at det er ho som "får" førsteklassingane. Dette er eit puslespel kvart år.

Det var ikkje mykje sjananse å spora hos dei nye førsteklassingane. Dei var muntre og livlege, men likevel lydhøre.

- Dere har fått eit brev frå meg, sa rektor.

- Ja, og det var kult, var det kontante svaret.

Ein liten test synta at flokken ikkje hadde problem med å tella til 13 og så starta rektor som han plar gjera med å tenna eit lys for kvar av dei. Og femåringane hadde ein forbløffande evne til å hugse namna sjølv om det vart vanskelegare etterkvart.

Så slapp lærar Elisabeth til med ei løve og ei mus og fortalde ei historie der moralen var at sjølv ein som er liten kan hjelpe ein som er større.

Neste post på programmet var fargeleggjing.

Ellers vil både elevar og foreldre få fleire høve til å bli varme i trøya på skulen i det knappe året som står att før skulestarten. Dei vil få fleire invitasjonar. Til dømes blir det juleavslutning på Dønhaug rundt det spanande temaet "Nissar i Uskedalen" og to førskuledagar i mai..

Dette er dei 13 nye ved skulen:

Saima Lomheim Døssland, Nellie Marie, Ella Karina Hjørnevåg, Kristoffer T. Hauge, Niklas Lakselv, Victoria Haaranes, Tørres Myklebust Lekva, Joachim Sjo Musland, Joachim Ubanos Sniilstveit, Jostein Soldal, Silje Soldal, Jonathan Taranger og Nils Rainer Struter Vågen.



Jonathan Taranger i intens konsentrasjon med fargeblyantane. (Foto: Ola Matti Mathisen)